



Westland Hotel AS
Kvalen 30
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1191 - 18/26037

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
27.08.2018

Minner om pålegg om installering større fettutskiljaranlegg ved Westland Hotel - gbnr108/102 Lindås

Teknisk drift viser til pålegg om installering av større fettutskiljar ved Westland Hotel datert 10.04.18. Vi vil minne om at frist for å få på plass større anlegg er satt til **11 september 2018**. Vi kan ikkje sjå å ha motteke registreringsmelding for nytt anlegg ved hotellet.

Vi minner om at nytt anlegg **skal** være godkjent av kommunen før dette vert knytt på kommunalt nett. Rørleggar skal ved innsending av ferdimelding for anlegg, dokumentere at anlegg er på plass innan gitte frist. Dersom nytt anlegg ikkje er på plass innan fristens utløp, kan Teknisk drift krevje stans i lokala inntil godkjent ferdigmelding for anlegg er gitt.

Vi gjer merksam på at installering av nytt anlegg også kan være søknadspliktig tiltak etter plan og bygningslova. Vi gjer òg merksam på at byggesak har eigne sakshandsamingsfrister for tiltak som er søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Førehandsvarsele om tilsyn:

Vi gir med dette brev eit førehandsvarsele om tilsyn ved Westland Hotel. Førehandsvarsel er gitt i samsvar med forvaltningslova § 16. Tidspunt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget brev.

Fett på kommunalt leidningnett:

Fett som vert ført ut på kommunalt leidningsnett påfører leidningsnett og reinseanlegg skader. Dette gjer at kommunen sine drifts- og vedlikehaldskostnader auker. Dette er kostnader som kommunen må få dekkja gjennom kommunale gebyr eller ved å fakturere den ansvarlege for utsleppet. Teknisk drift har registrert mykje fett i leidningsnettet nedstrøms hotellet. I perioder har anlegg så høg temperatur at det har ingen funksjon.

Vedtaket om pålegg av 10.04.18 vart fatta med heimel i forureingsforskrifta § 15 A-4, forskrift for fettutskiljar Lindås kommune og «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser». Vedtak fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» har



ingen klagerett. Kommunen nyter sin råderett over eget anlegg, slik at denne typen vedtak følger privatrettslege reglar. Vedtak er difor ikkje utøving av offenleg mynde.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Westland Hotel AS

Kvalen 30

5955

LINDÅS